



## Rotarymøte 04.09.2024 – veke 36

Vi var 19 til stades denne kvelden, medrekna tre gjester, mellom dei foredragshaldaren [Theodor Lippert](#). President [Eva Solskjær Boxaspen](#) nemnde ei programendring: Distriktsguvernøren gjestar oss 27.11.24. Ho kunne òg fortelje at [Sissel Berit Hoell](#) frå neste rotaryår blir **RRFC** – *Regional Rotary Foundation Coordinator* – for **Sone 18**, som omfattar Danmark, Færøyane, Grønland, Island, Litauen, Noreg, Polen og Sør-Sverige. Vi gratulerer! På programmet vårt for 25. september står besøk i ein annan rotaryklubb. Kvar komité finn seg ein klubb, og her kjem **CLUB FINDER** på heimesida vår til nytte:

HJEM   ROTARY INFO   KLUBBEN   MØTER   PROSJEKTER   KONTAKT OSS   NYHETER   LOKALT ARKIV   **CLUB FINDER**   MEDLEMSNETTET

Det var to **Tigris-innlegg**. [Berit Midtgaard](#) hadde ei god og ei dårleg nyheit. Den gode er at ho har blitt oldemor! Vi gratulerer igjen! Den dårlege er at ho i juli blei biten av ein flått og har fått diagnosen nevroborreliose, mellom anna med den følgja at ho inntil vidare ikkje kan køyre bil. Vi ønskjer Berit alt godt. [Rolf Theil](#) fortalde at det 6. september er 120 år sidan **Per Sivle** døydde. I den samanheng har han på oppmoding frå **Sivlelaget** skrive ein artikkel om denne forfattaren. Den har han sendt til 25 norske aviser.

Kveldens foredragshaldar var [Theodor Lippert](#), utvekslingseleven som siste skoleår gjekk på vgs i **León**, hovudstaden i den meksikanske delstaten **Guanajuato** – ein by med over 1,7 mill. innbyggjarar. Han viste ein Powerpoint-presentasjon, og så fekk vi høve til å stille spørsmål. Theodor fortalde om eit opplevingsrikt år i eit samfunn som på mange vis skil seg sterkt frå trygge Langesund og Noreg – ikkje berre når det gjeld klima og mat. Vertsfamiliane var velstående rotary-anarar som budde i særskilde bydelar omgjevne av nærmare ti meter høge murar med vakter. Utanfor murane budde det stort sett fattigfolk. Theodor fekk ikkje lov til å gå gatelangs eller nytte offentlege transportmiddel. Han blei henta og bringa til skolen – ein privatskole til kr 10 000 i månaden, som vertsfamiliane betalte. På det geopolitiske feltet kunne ikkje skolen måle seg med den norske, mens det motsette var tilfellet når det galdt realfag. Theodor var på 3–4 rotarymøte, der stilen var annleis enn i Langesund, med dress og pene kjolar. Under møta blei det servert ein trerettars middag, etterfølgd av pengeinnsamling. Han opplever at han er ein annan enn da han drog til Mexico. Han har lært mykje og har fått eit meir medvite forhold til mange sosiale spørsmål. Ein dyktig elev som viser kor fint ungdomsutvekslinga kan fungere. Og no snakkar han fire språk – norsk, tsjekkisk, engelsk og spansk!

